

Eg viser til den pågåande høyringa om rettskrivingsendringar og ynskjer å kome med eit innspel om *manual*. Eg har studert noko orgel og noko språkvitskap, så normeringsspørsmål kring dette er spennande.

Tilrådinga mi for begge skriftspråka er valfritt hankjønn eller inkjekjønn i tydinga 'manualklaviatur på tangentinstrument' med preferanse for inkjekjønn om ein skulle velje eitt av dei. Eg vil òg tilrå same genusnormering av *pedal* i tydinga 'pedalklaviatur på tangentinstrument' sjølv om fagrådet ikkje har funne bruksgrunnlag for det.

Eg tviler på at det er grunnlag for ein reell skilnad mellom bokmål og nynorsk, særleg sidan dette er eit fagleg uttrykk lite brukt i allmennspråket, som ein helst lærer seg utan tilknytning til den eine eller andre skriftkulturen. Nynorsktekster som bruker «manualet», men «manualar», tyder òg på bokmålsinterferens.

Eg finn utstrakt bruk av «pedalet» i orgellitteraturen, meg eg ser òg noka veksling innanfor same tekst. Då refererer *pedalet* til pedalklaviaturet, medan *pedalen* viser meir abstrakt eller kollektivt til bruk av pedal i staden for manual.

«Pedalen bør spille hele satsen for å støtte melodien. (...) Vi plasserer da c.f. i mellomstemmen og på eget manual. I pedalet spiller vi koralbokens bass (...)» (Lammetun 2001, s. 56)

Korpussøk på «ein manual» og «eit manual» gjev nok ikkje så gode svar. Det ein får treff på då, handlar om orgelpositiv med eitt i motsetnad til fleire manual. Det er ikkje så typisk, særleg ikkje i dag. Orgel til kyrkjebruk plar ha minst to manual og – i Noreg – opptil fem. Heller må ein finne andre slags frasar der genusbruk kjem til syne.

Det nedste manualet på orgelet blir kalla fyrstemanual, så andremanual og så oppetter. I Nettbiblioteket får eg tre relevante, sjølvstendige treff på «andre( )manualen», eitt på bokmål, to på nynorsk:

«ved to gravferder laurdag og tirsdag berre kunne bruke andre manualen, det vil si berre halve orgelet» (Brodin 1983, s. 21)

«På den andre manualen var det 12 basstangentar som ikkje var i drift» (*Ytre Sogn* 2010, s. 4)

«Blant annet ble det satt en 'lydkasse' rundt pipene til 2.-manualen for å øke volumet» (*Kragerø blad Vestmar* 2011, s. 11)

For «andre( )manualet» kjem det langt fleire treff, både på bokmål:

«Det vil si at en setter opp forskjellige klangfarger i de to manualene og pedalet og så spiller en melodistemmen i ett manual og akkompanjerer i det andre manualet og pedalet» (Krag 1949, s. 5)

«En kan spille med venstre hånd på det ene og med høyre hånd på det andre manualet» (Essen 1961, s. 12) [merk: om cembalo]

«beveger også den tilsvarende tangent i det andre manualet seg» (*Kristen sang og musikk* : 2, 1965, sp. 332)

«til reparasjon av det andre manualet (...) Det andre manualet kan ikke benyttes» (*Haugesunds dagblad* 1966, s. 2)

«Et kirkeorgel består som regel av to manualer. Langhus-orgelet har imidlertid bare ett. 2.-manualet står klar [sic], og det samme gjør registertrekkene.» (*Østlandets blad* 1977, s. 1)

«På grunn av at andre manualet i orgelet er i dårlig forfatning, måtte en orgelavdeling som Norling nå skulle ha, utgå» (Melvær 1978, s. 12)

«I tillegg til dette er hele andremanualet ute av funksjon» (Dagningen 1980, s. 10)

«Det betydde at man ikke kunne gjøre bruk av pedalene eller det andre manualet» (Førrisdahl 1980, s. 2)

«for nøyaktig et år senere falt andre manualet ned» (Tronshaug 1998, s. 42)

«Det andre man bør merke seg er det spinkle andremanualet uten klangfundament» (Bastrup 2010, s. 63)

«Førstemanualet skulle da stå som en dynamisk forlengelse av andremanualet» (sst.)

«Andremanualet – eller positivet – stod som en ribbet fugl» (sst. s. 89)

«På det andre manualet en Dulciana 8' og på pedal en Skalmey 4'» (Meijden 2011, s. 23)

Og på nynorsk:

«Det [orgelet] har 2 manual, fotpedal og klokkespel. Fyste manualet har 10 røyster med i alt 696 piper. Den [sic] andre manualet har 10 røyster med 908 piper. Fotpedalet har 6 røyster med 90 sjølvstendige piper og ein heil del piper av 1. og 2. manual som kann spelast sjølvstendige i pedalet.» (*Hamar arbeiderblad* 1929, s. 3)

«Til messe og solosang er det vanskeleg, då andremanualet som ein helst brukar til denslags no stendugt vekk er i skipling og ulag.» (Velle 1937, s. 1)

«Andre manualet ligg oppe på loftet i eit rom for seg» (*Jærbladet* 1955, s. 4)

«Det vart to manual + pedal, og då er andre-manualet veldig godt forsynt» (Halkjelsvik 1984)

«Andremanualet på orgelet har ein for lengst slutta å bruke av same årsak» (Holten 1988, s. 6)

«På orgelet er det to ulike luftmagasin som tilhøyrrer kvart sitt manual. Og det tek berre sekundar å kopla seg over til det andre manualet om tonen skulle hengja seg opp.» (Ebbesvik 2003, s. 14)

«Andre manualet er eit typisk preluderingsmanual med fire 8'-stemmer» (Eek 2009)

«mens det andre manualet berre fekk nokre få og svake stemmer» (Runowski 2013, s. 10)

«unntatt bassoktaven på andre manualet» (Rozendaal 2015, s. 166)

«Andremanualet består i begge tilfelle av svake stemmer (...) det svake andremanualet (...) den djupe 16'-stemmen blitt flytta til andremanualet (...) Andremanualet har ikkje endra funksjon» (Kolnes 2017, s. 65f.)

Avgrensa til tidsskrifter har eg skilt ut relevante nynorsktreff på «manualane»:

«Det var elles uvant at pedalklaviaturet var skeivt montert i høve til manualane» (Tøsse 1998, s. 17)

«Koppel: Ei samankopling av manualane slik at til dømes pipene i 2. manual kan spelast frå 1. manual saman med pipene som høyrer til 1. manual» (Rinde 2004, s. 136)

«Ein ting er å bruke manualane som ho er vane med på piano, ein annan ting er å meistre pedalane også» (Kostveit 2022, s. 3)

Jamført med «manuala»:

«Pedalen var til å begynne med berre anhang til manuala, kopla til manualstemma, men kanskje kring hundreårsskiftet vart eit sjølvstendig pedalverk påbygd» (Søvik 1984, s. 163)

«Breimsorgelet har til dømes fire 8'-stemmer i kvart av manuala» (Rinde 2004, s. 130)

«Fløytestemma er svakare enn prinsipalstemma og det er gjerne ei 8'-stemme og ei 4'-stemme i begge manuala og oftast ei 2'-fløyte i 2. manual» (Tjervåg 2015, s. 35)

I tidsskrift er det 8 treff på «manualar og pedal»:

«År 1919 fekk kyrkja som gave frå Petter S. Brandal eit orgel på 14 stemmar fordelt på 2 manualar og pedal med fullt tidsmessigt utstyr» (Haddal 1929, s. 25)

«Det er på 11 røyster, 3 koplar, 3 koloratorar, 2 manualar og pedal» (Sandness 1970, s. 61)

«Dette ble seinare erstatta av eit godt pipeorgel med 2 manualar og pedal» (Kristensen 1994, s. 14)

«30. januar 1931 har Storfjorden sokneråd møte og ber klokkaren Karl Bjørke og presten røkje etter prisen på eit kyrkjeorgel hjå ulike agentar: Ein ynskjer eit Reformharmonium med 13 stemmer, 2 manualar og pedal, utan elektrisk motor og alle vanlege kapell- og hjelperegister» (Urke 1995, s. 25)

«dei kom i 1940 med tilbod på eit orgel med 21 sjølvstendige stemmer delt på 2 manualar og pedal, og utbygt til 40 klingande register» (Tøsse 1998, s. 16)

«Orgelet i Austefjord kyrkje er eit elektropneumatisk instrument, med 12 stemmer fordelt på 2 manualar og pedal, levert av Vestre i 1954 og ombygd i 1988. Orgelet i Kilsfjord kyrkje er eit mekanisk instrument, med 10 stemmer fordelt på manualar og pedal, levert av Vestre i 1974.» (Volda kyrkjelege fellesråd 1999, s. 46)

«Pedalomfanget var utvida til f', stor Ciss kom til i alle manualar og pedal og tonetrakturen vart flytta ein halv tone opp» (Hahn 2001, s. 8)

«manualar og pedal» (Mørk 2021, s. 33 og passim)

Og så har eg talt opp 13 motsvarande treff på «manual og pedal» som er på nynorsk, og der «manual» er fleirtalsform.

«Tenkjer ein seg i dette høvet t.d. eit orgel med to manual og pedal, så har dette orgelet to manual-vindladar og ein pedal-vindlade» (Gjendem 1961, s. 486)

«Valle kyrkje er den største kyrkja i Setesdal og vil nå få installert nytt orgel med 10 registre fordelt på to manual og pedal» (Valle sokneråd 1971, s. 609)

«Finnøy hovudkyrkje har nytt sløyfeladeorgel med 13 stemmer, 2 manual og pedal» (Finnøy formannskap 1973, s. 178)

«I Steinkjer fekk dei frå Vestlandske Orgelverkstad eit mekanisk orgel på 27 stemmer, fordelt på 3 manual og pedal, og eit kororgel på 4 st.» (Stai 1973, s. 79)

«Orgelet i kyrkja er eit August Nielsen-orgel frå 1887, restaurert 1985, 8 stemmer – 2 manual og pedal» (Hemsedal kommune 1990, s. 26)

«Det nye orgelet vart ombygt i 1969 av firmaet Olsen-Jørgensen, Oslo, og fekk då 35 stemmer, 3 manual og pedal» (Skage 1990, s. 27)

«Det er elektropneumatisk og har 12 stemmer, to manual og pedal» (Vindafjord kyrkjelege fellesråd 1999, s. 46)

«Dette orgelet hadde 53 stemmer, tre manual og pedal» (Rinde 2004, s. 125)

«Orgelet hadde to manual og pedal og var på tolv stemmer» (Tjervåg 2015, s. 39)

«Orgelet har 2 manual og pedal» (Mørk 2021, s. 229)

«Orgelet har 9 stemmer fordelt på 2 manual og pedal» (Hageberg 2022, s. 13)

«Orgelet har 14 ½ sjølvstendige stemmer og 26 klingande register, 2 manual og pedal» (Raschwitz og Rinde 2023, s. 16)

«Dette var eit orgel med 10 stemmar, med to manual og pedal» (Sæheim 2023, s. 88)

Men «manualar» førekjem òg saman med «manualet» i tekster, så ein skal ikkje ta all bruk av det til inntekt for maskulinum:

«Det trengst to manualar med 12 stemmer (...) Det gamle manualet er tidlegare restaurert» (Valdres 1981)

«Det gamle orgelet i Hjørundfjord kyrkje hadde to manualar (klaviatur) med 13 stemmer (...)

mens det andre manualet berre fekk nokre få og svake stemmer.» (Runowski 2013)

«Sjølve orgelet har to klingande manualar (...) Det tredje manualet som no ikkje er i bruk» (Hordaland 1986)

«Då var orgelet stort sett ferdig, unntatt bassoktaven på andre manualet som blei utbygt seinare. (...) No har vi eit orgel med 13 stemmer på to manualar og pedal.» (Rozenaal 2015, s. 166)

I *Aspekter ved norsk orgelkultur* (Akademika, 2013) står *manual* gjennomgåande i nøytrum både i bokmåls- og nynorsktekster. Det er eitt tilfelle av «pedalen», elles «pedalet»:

«eitt manual og pedal» (Kolnes 2013, s. 24)

«mens pedalet og det nye III. manualet i Tromsø blir elektrisk» (sst.)

«eit nytt II. manual» (sst., s. 26)

«Prinsipalkoret var ryggraden i orgelklangen, pedalen fungerte primært som bassklaviatur» (Øgaard 2013, s. 34)

«ett manual og pedal» (sst., s. 45)

«eitt manual» (Eek 2013, s. 67f.)

«16'-stemme i manualet» (sst. s. 74)

«to manual og pedal» (sst. s. 76)

«som kunne koplust inn på begge manuala etter behov» (sst. s. 79)

«orgelet fikk tilføyd et manual i 1861» (Tronshaug 2013, s. 121)

«Opptrening av tekniske ferdighet på klaviaturet og pedalet foregikk parallelt med opplæring i generalbass og kontrapunktisk improvisasjon.» (Vikøren 2013, s. 139)

«hadde seks stemmer på ett manual og pedal» (Schiager 2013, s. 149)

«mens pedalet virket som et bassklaver med kun 16'- og 8'-stemmer» (sst. s. 150)

«Det relativt svake I. manual» (sst. s. 160)

«i nettopp dette manualet» (Boysen 2013, s. 202)

«fra dette manualet (...) for hvert manual (...) til noe spesifikt manual» (sst., s. 203)

«at det ikke minst var den førbachske litteratur med dennes behov for cantus firmusstemmer i pedalet som sto sentralt» (sst. s. 212)

Daniel Tobias Johansen Langhoff  
Tromsø, 15. april 2024

## Referansar

- Aspekter ved norsk orgelkultur* (2013). Harald Rise (red.). Trondheim: Akademika.
- Bastrup, Olav Rune Ekeland (2010). *Vindens liv i tre og metall : festskrift til innvielsen av Mühleisen-orgelet i Arendal. Trefoldighetskirkens orgel- og organisthistorie*. Arendal kirkelige fellesråd.
- Boysen, Bjørn F. (2013). «Orgelreform – orgelbevegelse». I *Aspekter ved norsk orgelkultur*, Harald Rise (red.): 189–218. Trondheim: Akademika.
- Brodin, Tom (1983, 10. nov.). «Vannskade på orgelet i Harøy kyrkje». *Romsdals budstikke* 141 (258 [i.e. 261]): 21.
- Dagningen* (1980, 16. jan.). «Lunefullt orgel på Brøttum». 57 (13): 10.
- Ebbesvik, Jan Inge (2003, 24. sep.). «Unotar i kyrkjeorgelet». *Nordhordland* 30 (75): 14.
- Eek, Kristin (2009). «Kyrkjer og orgel i Steinkjer by». I *De nye orglene i Steinkjer kirke*, Kristin Eek (red.): 70–82. Steinkjer menighetsråds orgelkomité.
- (2013). «Orgelbygging i Trøndelag frå 1850 til 1940». I *Aspekter ved norsk orgelkultur*, Harald Rise (red.): 65–84. Trondheim: Akademika.
- Essen, Kira von (1961). *Instrument-paraden*. Til norsk ved Torbjørn Dahl. Oslo: Musikk-huset.
- Finnøy formannskap (1973). [Stillingsutlysing]. *Norsk kirkemusikk* 26 (7): 178.
- Førrisdahl, Unni (1980, 22. apr.). «– Tenk og hatt noe slikt i ung alder!». *Akershus arbeiderblad* (76): 2.
- Gjendem, Johan J. (1961). «Kyrkjeorgelet. I». *Kirke og kultur* 66 (8): 484–495.
- Haddal, J. (1929). «Hareid kyrkje». *Tidsskrift for Sunnmør historiske lag. 1927–1928*, 18–19: 20–28.
- Hageberg, Gunnar (2022). «Orgelet – dronnniga blant instrumenta våre – Hundvin kyrkje». *Kyrkjebladet for Lindås sokn* 48 (4): 13. [Lindås prestegjeld].
- Hahn, Andreas (2001). «‘Ny blest’ kring Gottfrid Silbermann og eleven hans sitt opus magnum i Dresden katedral». Omsetjing: Ole Jørgen Furdal. *Norsk kirkemusikk* 54 (10): 5–14.
- Halkjelsvik, Jon Røys (1984). «“Ditta læte pent det ...” : inntrykk og minne om Sivert H. Geitvik (1884–1957)». *Voldaminne : årsskrift. 1984*: 5–21. Volda: Volda sogelag.
- Hamar arbeiderblad* (1929, 4. juni). «Litt um det nye orgelet i Furnes-kyrkja og dei som har bygt det». 5 (124): 3.
- Haugesunds dagblad* (1966, 23. aug.). «Ikke fullt orgelbrus i Avaldsnes-kirken». 55 (194): 2.
- Hemsedal kommune (1990). [Stillingsutlysing]. *Musikk-fokus : organ for Norsk musikkpedagogisk forening* 11 (7): 26.
- Holten, Norunn (1988, 29. sep.). «‘Utslitt’ kirkeorgel i Todalen». *Driva* 18 (111): 6.
- Hordaland* (1986, 6. des.). «Den nye spelepulten på plass i Vangskyrkja». 103 (134): 14.
- Jærbladet* (1955, 8. juli). «Orgelet skapar harmoni i kyrkja». 7 (51): 1, 4.
- Kolnes, Stein Johannes (2013). «Orgelbevaring i Noreg». I *Aspekter ved norsk orgelkultur*, Harald

- Rise (red.): 13–31. Trondheim: Akademika.
- (2017). «To kyrkjer og tre orgel». *Årbok for Sunnmøre 93*: 62–79. Sunnmøre historielag.
- Kostveit, Åsta Østmoe (2022). «Vikarorganist i Vinje». *Kyrkjelyden : kyrkjelydsblad for kyrkjelydane i Vinje*. Vinje og Rauland prestegjeld.
- Krag, Ole Rasmus (1949, 21. apr.). «Planer om nytt orgel i Fåberg kirke». *Lillehammer tilskuer* 106 (90): 5.
- Kragerø blad Vestmar* (2011, 7. apr.). «Skatøy-orgelet er et bra prosjekt». 167 (41): 10–11.
- Kristen sang og musikk : 2* (1965). Lars Aanestad mfl. (red.). Oslo: Runa.
- Kristensen, Sigvart (1994). «Frå orgelkrakken : litt om orgel og organistar i Gildeskål». *Gildeskålboka : årbok for Gildeskål* 14: 14–17. Årbokkomitéen [Gildeskål kommune].
- Lammetun, John (2001). *Liturgisk spill : form, uttrykk, karakter og nyanser*. Stavanger: Cantando.
- Meijden, Hans van der (2011). «Orgelet i Tvedestrand kirke». *Dengang – på våre kanter* 31: 22–24. Historielaget for Dypvåg, Holt og Tvedestrand.
- Melvær, Einar (1978, 14. feb.). «Kirkekonsert for H. Telnes». *Nordlys* 77 (38): 12.
- Mørk, Max Ingar (2021). «Kyrkjene i Romsdal». *Årsskrift*. Romsdal sogelag.
- Raschwitz, Dorothee og Anders Rinde (2023). «Fornyng av orgelet i Gimmestad kyrkje». *Kyrkjebladet : kyrkjeblad for Gloppen* 53 (4): 16–17.
- Rinde, Anders (2004). «“ Dette orgel er en testamentarisk gave ... ” : orgelet i Breim kyrkje 100 år». *Årbok for Nordfjord : eit skrift for folkeminne og kulturminne* 38: 119–139. Nordfjord sogelag.
- Rozendaal, Tony (2015). «150 år med musikk i Lavik kyrkje». I *Lavik kyrkje 150 år : med folket gjennom tidene*, Andreas Ester mfl. (red.): 163–172. Kyrkjebø: Finurlig forl.
- Runowski, Michal F. (2013, 31. okt.). «100 år med orgel i kyrkja og 40 år med Vestre-orgel». *Møre-nytt* 79 (125): 10.
- Sandness, Ottar (1970). «Borge kyrkje og sokn». *Håløygminne* 51 (2): 52–63. Hålogaland historielag.
- Schiager, Halgeir (2013). «Leif Solbergs orgelverker». I *Aspekter ved norsk orgelkultur*, Harald Rise (red.): 145–162. Trondheim: Akademika.
- Skage, Sigmund (1990). «Organistar i Fana kyrkje frå 1872». *FanaJul : kulturhistorisk årsskrift for Fana*: 26–27. Fana mållag.
- Stai, Sigmund Jarle (1970). «Tillegg til presentasjonen av Nidaros bispedøme». *Norsk kirkemusikk* 26 (4): 79–81.
- Sæheim, Odd (2023). «Orgelbyggerane i Mære kyrkje frå 1771 til 2023». *Årbok* 46: 87–91. Sparbu historielag.
- Søvik, Edmund (1984). «Orgelet i Voll kyrkje». *Årsskrift*: 161–166. Romsdal sogelag.
- Tjervåg, Terje (2015). «Prinsipalar, gamber og gedaktar. Om orgel i Herøykyrkjene». *Folk og fortid : tidsskrift for Herøy sogelag*: 30–51.
- Tronshaug, Hans Jacob Høyem (1998). *Oslo domkirkes orgelhistorie : orgler, organister, kantorer og orgelbyggere gjennom fem århundrer*. Oslo domkirke.
- (2013). «Tysk innflytelse i trøndersk orgelkultur – prestisje eller selvfølge?». I *Aspekter ved norsk orgelkultur*, Harald Rise (red.): 103–131. Trondheim: Akademika.

- Tøsse, Lars (1998). «Ørskog kyrkje 125 år». *Årsskrift* 8: 3–27. Ørskog historielag.
- Urke, Torbjørn (1995). «Kyrkja på Bjørke 75 år». *Frå Hjørundfjord : årsskrift* 17: 19–42. Hjørundfjord sogelag.
- Valdres (1981, 25. aug.). «Dør-til dør for betre orgel i Slidre kyrkje». 79 (129): 3.
- Valle sokneråd (1971). [Stillingsutlysing]. *Norsk skoleblad : organ for Norsk lærerlag*. 35 (12): 609.
- Velle, Mina (1937, 12. feb.). «Kyrkjeorgelet og orgelfondet». *Møre-nytt* 3 (6): 1, 4.
- Vikøren, Vidar (2013). «Ludvig Mathias Lindeman og den kontinentale organisttradisjonen». I *Aspekter ved norsk orgelkultur*, Harald Rise (red.): 133–144. Trondheim: Akademika.
- Vindafjord kyrkjelege fellesråd (1999). [Stillingsutlysing]. *Norsk kirkemusikk* 52 (10): 46.
- Volda kyrkjelege fellesråd (1999). [Stillingsutlysing]. *Norsk kirkemusikk* 52 (5): 46.
- Ytre Sogn (2010, 7. des.). «Adventskonsert i Lavik kyrkje». 13 (96): 4.
- Øgaard, Kristen (2013). «Bevaring og fornying sett i lys av Bergens orgelhistorie». I *Aspekter ved norsk orgelkultur*, Harald Rise (red.): 33–45. Trondheim: Akademika.
- Østlandets blad (1977, 27. apr.). «Bønn om penger til orgelutbygging i Ski». 70: 80: 1, 15.